

Veteranplan, 2024 - 2027

Felles Veteranplan for kommunane;

Utsira, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn, Sveio, Suldal, Sauda, Etne
og Vindafjord

Innholdsfortegnelse

1 Innleiing

1.1 Mål

2 Innsatsområde

2.1 Innsatsområde 1 – anerkjenning og verdsetjing

2.1.1 Tiltak

2.2 Innsatsområde 2 – Ivaretaking av veteranar, born og familiar

2.2.1 Tiltak

2.3 Innsatsområde 3 – Oppfølging og omsorg

2.3.1 Oppfølging

2.3.2 Tiltak

3 Vedlegg 1: Tiltaksoversikt

4 Vedlegg 2: Veteranorganisasjonar og likepersonsarbeide

5 Vedlegg 3: Forsvaret sitt tilbod

6 Vedlegg 4: Oversikt over kapasiteter

1 Innleiing

Den felles veteranplanen for kommunane Utsira, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Bokn, Sveio, Etne, Sauda, Suldal og Vindafjord skal spegle det viktige oppdraget veteranane har utført for fred og fridom gjennom sine internasjonale operasjonar.

Forsvarsdepartementet sin definisjon av Internasjonale operasjonar jfr. Stortingsmelding nr. 15 (2019–2020) Kapittel 3:

«Internasjonale operasjoner omfatter i utgangspunktet enhver militær operasjon i utlandet som godkjennes av norske politiske myndigheter. Kjernen i en Internasjonal operasjon er bruk av militære styrker i utlandet for å skape, bevare eller gjenopprette fred og stabilitet. Dette omfatter ikke forsvar av Norge eller NATO-allierte. Videre avgrenses definisjonen mot annen tjeneste i utlandet eksempelvis deltakelse i militære øvelser og tjeneste ved stående internasjonale militære hovedkvarter og staber, og definisjonen omfatter bare operasjoner som krever bruk av militære styrker.»

Deltaking i internasjonale operasjonar med personell frå Forsvaret, Justis- og Utenrikssektoren er ein viktig del av den norske forsvars- og tryggleikspolitikken.

Våre første veteranar frå internasjonale operasjonar, slik det vert definert i dag, var soldatane i Tysklandsbrigaden. I alt tenestegjorde ca. 50.000 norske soldatar i Tysklandsbrigaden og Tysklandskommandoen, den personellmessige største operasjonen. Deretter følger UNIFIL (Libanon) med 34.000 soldatar. Dei seinare åra har mange nye veteranar kome til etter mellom anna operasjonar på Balkan, i Afghanistan og i Mali.

Det er et samfunnsansvar å ivareta veteranar frå internasjonale operasjonar. Sidan 1947 har over 100.000 nordmenn tenestegjort i internasjonale operasjonar. Dette omfattar ca. 120 operasjonar på fire kontinent. Det finnes også politiveteranar i våre kommunar, men tall på disse har vi ikke.

Denne interkommunale veteranplanen bygger på regjeringa sin oppfølgingsplan og målsettinga er å auke anerkjenninga, ivaretakinga og oppfølginga av norske veteranar.

1.1 Mål

Mål for kommunane sin veteranplan:

- Verdsetje, ivareta og følge opp veteranane og veteranfamilien, både under og etter internasjonal teneste for Norge.
- Gjere det enklare for kommunane å fylle rollen som tenesteytar for veteranane og veteranfamilien sitt behov i lokalsamfunnet.
- Auke samhandling i kommunane og medverke til at veteranar og familiar blir møtt med gjennomgåande kompetanse og forståing.
- Fungere som eit heilskapleg opplysnings- og informasjonsdokument for veteranar, kommunen og lokalsamfunnet.
- Fremje veteranane som en ressurs i dette arbeidet generelt og i skulen spesielt.

Samarbeidskommunane har kome fram til tiltak som markerar ei vidareføring av kommunane sin veteranfokus og vil fungere som ein inspirasjon til vidare arbeid for å fremje veteranane si rolle i samfunnet.

2 Innsatsområde

2.1 Innsatsområde 1 – anerkjenning og verdsetjing

Kommunen skal verdsette veteranane for den innsatsen dei har lagt bed gjennom si deltaking i internasjonale operasjonar. Det kan være ulike oppfatningar om grunnlaget for norsk deltaking i krig og konflikt. Uavhengig av dette, fortentar den enkelte veteran verdsetjing og respekt for viljen til å risikere liv og helse for landet.

Seremoniar og offentlege markeringar er eit viktig og synleg uttrykk for samfunnet si verdsetjing av innsatsen og den enkelte veteran. Lokale markeringar er av betydning for å famne flest mogeleg og medverkar til å synleggjere at veteranar også er en del av lokalsamfunnet.

8.mai er Norges frigjerings- og veterandag. Dette er den viktigaste dagen for å anerkjenne veteranar frå andre verdskrig og samtidig trekke linjene frem til dagens veteranar. Minnesmerke etter falne frå andre verdskrig finnes i mange av landets kommunar. Ytterlegare finnes det også minnesmerke over falne og innsatsar frå nyare tid.

2.1.1 Tiltak

Markering av Frigjerings- og veterandagen 8. mai og FN dagen 24. oktober.

Lokale markeringar er av betydning for å famne flest mogeleg og bidrar til å synleggjere at veteranar og er ein del av lokalsamfunnet. Det er ønskeleg at det blir årleg felles markering i kommunane saman med veteranforeininga i distriktet.

Bruk av Veteranar sin kompetanse i nærmiljøet

Veteranar frå internasjonale operasjonar er ein ressurs som kan anerkjennast ved at kommunane nyttar kompetansen i nærmiljøet. For eksempel i samband med FN-dagen 24. oktober, eller der det passer med opplæringsplanar, bør skulene vurdere å nytte lokale veteranar i opplæringa. Dette vil synleggjere veteranane sitt bidrag i

internasjonale operasjoner. Veteranforeningane har utarbeidd lister med ressurspersonar.

2.2 Innsatsområde 2 – Ivaretaking av veteranar, born og familiar

2.2.1 Tiltak

Veterankontakt

For å kunne anerkjenne, ivareta og følge opp veteranar og deira familiar treng ein kunnskap om veteranane og deira utfordringar. Samtidig må ein vite kven som har kunnskap og kan være ein ressurs for kommunane, samt kven som kan bidra med kompetanseheving av kommunen sine tilsette.

Forsvaret oppfordrar kommunane til å utpeike ein veterankontakt. Denne vil være et viktig kontaktpunkt for veteranar, deira familie, samt andre aktørar innanfor veteranområdet.

Kommunane som er omfatta av denne planen har ein felles Veterankontakt som har ansvar for å sikre årlege møtepunkt mellom kommunane og veteranane i regionen gjennom Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner, avdeling Haugalandet.

Kommunehelsetenesta

Kommunehelsetenesta kan nytte seg av kompetansemiljøet ved RTVS for å halde kurs eller fagdagar der det er behov. Veteranforbundet SIOPS – Skadd i internasjonale operasjonar har og kompetanse rundt helseutfordringar relatert til veteranar og veteranfamilien og kan nyttast til informasjon og opplæring.

Kommunane v/Veterankontakt bør og informere om eigen funksjon, her særskilt:

- Kommunepsykolog
- Kommuneoverlege
- Kommunens fastlegar
- Familievernkontoret
- Helsesjukepleiarar

- BUP
- Barne-og ungdomspsykiatrisk poliklinikk -NAV

Informasjonsmateriell

Det vert utarbeidd ei kort informasjonsside på kommunane si heimeside der det vert vist til tiltaka i Veteranplanen.

Veteranhus

Veteranforeininga på Haugalandet, som har medlemmar frå kommunane som er omfatta av denne planen, disponerar eit hus i Austbøvegen i Karmsund, Karmøy Kommune. Huset vert nytta til ulike medlemsaktivitetar for veteranar og nærstående av veteranar, og er organisatorisk uavhengig av NVIO Haugalandet. Kommunane anerkjenner veteranforeininga sin bruk av dette huset.

2.3 Innsatsområde 3 – Oppfølging og omsorg

2.3.1 Oppfølging

Oppfølging vil skje med bakgrunn i et definert behov. I de tilfella der veteranar har fått utfordringar som følgje av si teneste i internasjonale operasjonar, vil dette og kunne få følgjer for deira familie og pårørande. Problematikken kan være kompleks og involvere fleire kommunale instansar.

Samhandling og forståing for dei ulike faginstansane si betydning i handtering av komplekse problemstillingar kan vere viktig for ei heilskapleg oppfølging. Forsvaret har lagt til rette for at den enkelte veteran kan få overført sin militære helsejournal frå Forsvaret til fastlege eller andre helseinstitusjonar, dersom veteranen ønskjer dette.

Forsvaret har ei avgrensa oppfølging av veteranar ved Forsvarets sanitet ved Institutt for militærpsykiatri og stressmestring (IMPS) og ved Nasjonal militærmedisinsk poliklinikk (NMP) som strekker seg i eitt år etter teneste. Dette er eit lågterskeltilbod for veteranar frå internasjonale operasjonar.

2.3.2 Tiltak

Skule og barnehage

Kommunane skal sikre opplæring til tilsette i skular og barnehagar om borns mogelege reaksjonar på foreldre si tenestegjering i internasjonale operasjonar. Auka merksemd og innsats overfor familiare bidrar til å redusere stress og helseproblem. For tilsette i skular og barnehagar er det særleg viktig å vere informert og ha kunnskap som gjer at barn blir ivareteke på ein god måte.

Det er viktig at familien gjev informasjon til lærarar og barnehagepersonell slik at problem kan førebyggjast. Forsvarets veteraneneste, RVTS og helsesjukepleiarar kan vere viktige ressursar, forutsett at dei har rett kompetanse. Skulane bør vurdere å nytte lokale veteranar i undervisning, for eksempel i samband med FN-dagen, eller der det vil passe med undervisningsplanar.

Kompetanseheving og informasjon til fagpersonar i kommunane

Kommunane kan ved behov, og i samarbeid med lokale og regionale ressursar, legge til rette for fagdagar om relevante tema for veteranar. Gjennom KS læring finnes det modulbaserte Elæringskurs, der tenestene sjølv kan velje modular som er relevante.

Kommunehelsetenesta

Kommunen sine helsestasjonar skal være merksame på eventuelle behov for ekstra støtte og vegleing til familiar der eitt eller fleire familiemedlemmer er eller har vore i internasjonale operasjonar. Helsesjukepleiar skal sikre oppfølging av familien, og ha eit særskilt auge for borna i familien som ein møter på helsestasjonen og i skulehelsetenesta. Om naudsynt kan helsesjukepleiar vise vidare til andre støtte- og hjelpetilbod som for eksempel lågterskel psykologteneste.

Helsesjukepleiar kan og vere ei god støtte for familien og kan gje informasjon om andre støtte- og hjelpetilbod.

Evaluering

Ei første evaluering av den interkommunale veteranplanen skal utførast innan utløpet av 2026, og seinare minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

3 Vedlegg 1: Tiltaksoversikt

Tiltak	Omtale av tiltaket
Markering av Frigjerings- og veterandagen 8. mai og FN dagen 24. oktober	Lokale markeringar er av betydning for å framme flest mogeleg og bidrar til å synleggjere at veteranar og er ein del av lokalsamfunnet. Det er ønskeleg at det blir årleg felles markering i kommunane saman med veteranforeininga i distriktet.
Bruk av veteranar frå internasjonale operasjonar sin kompetanse i nærmiljøet	Veteranar frå internasjonale operasjonar er ein ressurs som kan anerkjennast ved at kommunane nyttar kompetansen i nærmiljøet. For eksempel i samband med FN-dagen 24.oktober, eller der det passer med opplæringsplanar, bør skulene vurdere å nytte lokale veteranar i opplæringa. Dette vil synleggjere veteranane sitt bidrag i internasjonale operasjonar. Veteranforeiningane har utarbeidd lister med ressurspersonar.
Kommunal veterankontakt	Forsvaret oppfordrar kommunane til å utpeike ein veterankontakt. Denne vil være et viktig kontaktpunkt for veteranar, deira familie, samt andre aktørar innanfor veteranområdet Kommunane som er omfatta av denne planen har ein felles Veterankontakt som har ansvar for å sikre årlege møtepunkt mellom kommunane og veteranane i regionen gjennom Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjonar (NVIO), avdeling Haugalandet.

Tiltak	Omtale av tiltaket
Kommunehelseteneste	Kommunen sine helsestasjonar skal være merksame på eventuelle behov for ekstra støtte og vegleiing til familiar der eitt eller fleire familiemedlemmer er eller har vore i internasjonale operasjonar.
Informasjonsmateriell	Det vert utarbeidd ei kort informasjonsside på kommunane si heimeside der det vert vist til tiltaka i Veteranplanen.
Veteranhus	Veteranforeininga på Haugalandet, som har medlemmar frå kommunane som er omfatta av denne planen, disponerar eit hus i Austbøvegen i Karmsund, Karmøy Kommune. Huset vert nytta til ulike medlemsaktivitetar for veteranar og nærstående av veteranar, og er organisatorisk uavhengig av NVIO Haugalandet. Kommunane anerkjenner veteranforeininga sin bruk av dette huset.
Skule og Barnehage	Kommunane skal sikre opplæring til tilsette i skular og barnehagar om borns mogelege reaksjonar på foreldre si tenestegjering i internasjonale operasjonar. Skulane bør vurdere å nytte lokale veteranar i undervisning, for eksempel i samband med FN-dagen, eller der det vil passe med undervisningsplanar.
Kompetanseheving og informasjon til fagpersonar i kommunane	Kommunane kan ved behov, og i samarbeid med lokale og regionale ressursar, legge til rette for fagdagar om relevante tema for veteranar.

Tiltak

Omtale av tiltaket

Evaluering

Ei første evaluering av den interkommunale veteranplanen skal utførast innan utløpet av 2026, og seinare minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.

4 Vedlegg 2: Veteranorganisasjonar og likepersonsarbeide

Norges Veteranforbund for internasjonale operasjoner – NVIO

Norges Veteranforbund for internasjonale operasjoner – NVIO, er representert med lokalforeiningar i fleire kommunar i Norge. I vår region er det NVIO – avd. Haugalandet. Dette er ei aktiv forening som jamnleg held foredrag eller andre arrangement, enten for medlemmar eller for alle veteranar. NVIO driftar og kameratstøttetelefonen der veteranar kan ta kontakt for anonym samtale. Telefonnummer er 800 48 500 .

Kameratstøtte byggjer på prinsippa til likepersonarbeidet sin definisjon: «Ei samhandling mellom personer som opplever å være i samme båt, det vil si samme livssituasjon, og hvor selve samhandlinga har som mål å være ei hjelp, støtte eller veiledning partene imellom.»

Målet med ordninga er å sikre at veteranar får tilgang til ein støttande prat med ein annan veteran. Kameratstøtte er organisert hjelp, støtte og rådgjeving gjeve til veteranar og deira familiar som treng det.

NVIO si kameratstøtteordning skal arbeide for meir openheit omkring psykisk helse – i eit samspel mellom aktivitetar, kurs, samtalar og utdanning. Dette vert gjort gjennom anerkjenning, synlegheit, samfunnsengasjement og fremjing av veteransaka.

Visjonen til NVIOs kameratstøtteordning er å bidra til en helhetlig ivaretagelse av alle veteraner og deres familier.

Kameratstøtteordninga skal jobbe med å byggje ned stigma innan psykisk helse ved å få fleire til å fortelje si historie og forsterke kameratskapen med likesinna. Målet er at kameratstøtte skal skje på alle plan, skal vere enkelt å bruke, vere ein god samtalepartner og los inn til det sivile hjelpeapparatet.

Veteranforbundet SIOPS – Skadd i internasjonale tjenester Veteranforbundet

SIOPS – Skadd i internasjonale tjenester har hovudkontor i Oslo, med eit landsdekkande likepersonsnettverk, POC (point of contact). SIOPS har hovudsakeleg fokus på skadde veteranar og deira familiar og tilbyr forskjellige meistringsaktivitetar i tillegg til rådgjeving. SIOPS har stor kompetanse på mellom anna helse, økonomi og erstatningsspørsmål.

Der finnes også fleire lokale veteranforeiningar rundt om i landet. Kommunane vert oppfordra til å bruke desse foreiningane som dei kapasitetane dei er.

5 Vedlegg 3: Forsvaret sitt tilbod

Forsvaret har ei rekke tilbod til veteranar og deira familiar både før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar. Forsvaret har eit oppfølgingsansvar i eitt år etter heimkomst. Nokon tilbod og kontaktpunkt kan nyttast livet ut.

Før, under og etter operasjonen

Før utreise arrangerer Forsvaret fellessamling for soldatane og deira familiar. Her får familien informasjon om operasjonen og tryggleikssituasjonen. Dei får også tips og råd om korleis dei best kan ta vare på born og forhold. Familien får også treffe andre pårørande.

Under utanlandstenesta har Forsvaret ein 24-timers kontakttelefon for pårørande. Via denne telefonen kan viktige meldingar formidlast til de som er ute. Forsvaret arrangerer og familiesamlingar undervegs der det er hensiktsmessig, og vidareformidlar der informasjon til dei pårørande frå operasjonsområdet.

På veg heim frå operasjonen har dei som er i teneste som regel eit opphald på to til tre dagar, ei såkalla «mellomlanding». Under mellomlandinga vert det gjennomført «debrief», samtale med psykolog samt erfaringsinnhenting. Ved heimkomst til Noreg vert det gjennomført ein medaljeseremoni for å heidre soldatane. Pårørande blir invitert til seremonien. I eitt år etter heimkomst har Forsvaret eit oppfølgingsansvar.

Etter tre til seks månedar får alle ei spørjeundersøking frå Forsvaret. Her stilles det ein del spørsmål om korleis den første tida etter heimkomst har vore. Etter eitt år arrangerar Forsvaret ei samling der personell møtes igjen for å dele erfaringar om korleis det var å komme heim. Her deltar og psykolog.

Forsvarets oppfølgingsplikt blir avslutta etter eitt år frå heimkomst (for ikkje stadig tenestegjerande personell). Alle kan likevel kontakte Forsvaret med spørsmål om rettigheter, hjelp og tilbod.

Forsvarets Veteransenter – Bæreia

Forsvarets Veteransenter ligger på Bæreia utanfor Kongsvinger og er eit rekreasjons- og aktivitetstilbod som kan nyttast av alle veteranar og deira familiar. Forsvarets veteransenter tilbyr gratis opphald for veteranar og familiar. Senteret kan og nyttast

under permisjon frå utanlandsteneste. Det vert og arrangert gjensynstreff for avdelinga ved senteret.

Forsvarets Veteransenter har og den døgnbemanna tenesta «Åpen dør».

Forsvaret Veterantjeneste



Forsvarets Veterantjeneste er eit tilbod til alle veteranar og deira familiar. Her kan ein få svar på spørsmål om dekorasjonar, dokumentasjon eller informasjon om internasjonale operasjonar. Ein kan og få informasjon om Forsvaret og samfunnets ulike tilbod til veteranar, uavhengig av når og kvar tenesta var.

Forsvarets Veterantjeneste består av eit tverrfagleg team med både militært og sivilt tilsette. Teamet har lang erfaring med å gje råd og vegleiing til veteranar og deira familiar. Dei fleste i dette teamet er og sjølv veteranar. Forsvarets Veterantjeneste vert leia av Veteraninspektøren.

6 Vedlegg 4: Oversikt over kapasiteter


Oversikt over lokale kapasiteter

Norges Veteranforbund for Internasjonale Operasjoner, avdeling
Haugalandet

- <https://haugaland.nvio.no/> 
- <https://www.facebook.com/nviohaugalandet/> 
- Epost: post@haugaland.nvio.no

Oversikt over nasjonale kapasiteter

«Åpen dør» - Forsvarets Veteraner

- [Telefon: 800 85 000](tel:80085000)
- Epost: veteraner@mil.no 

IMPS - Institutt for militærpsykiatri og stressmestring

- [Telefon: 23 09 79 30](tel:23097930)
- Epost: fsan.nmp@mil.no

Veteranforbundet SIOPS – Skadd i internasjonale operasjoner

- [Telefon: 22 69 56 50](tel:22695650)
- <https://www.siops.no/kontakt> 

NVIO – Norges veteranforbund for internasjonale operasjoner

- <https://nvio.no/> 

Kameratstøtte

- Ring [kameratstøttetelefonen 800 48 500](tel:80048500) for å snakke med en veteran. Her kan du være anonym.

Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging – RVTS Vest

- [Telefon: 55 97 66 95](tel:55976695)

NAV – Kompetansemiljøet for veteransaker

- <https://www.nav.no/veteran> 